



## SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	04.09.2024	067/24

Saksbehandlar:	Arkivsak - dok.nr	24/2972 - 1
Hjalmar Heimvik	Journalpostnr.	24/24428

### Etablere ny kommunal parkeringsplass – Valldalen.

Vedlegg	
27.08.2024	Grunnavtale
27.08.2024	Kart ny parkering og oppseiing av parkeringsavtale.
27.08.2024	Svar frå statsforvaltaren i Vestland

#### Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan og bygningsloven

Grunnavtale datert 01.07.1993 (Vedlagt)

#### Tilråding frå rådmannen:

Utval for samfunn, plan og næring vedtek oppstart av planarbeid for ny parkeringsplass ved stien til Litlos, med formål offentleg parkering.

04.09.2024 Utval for samfunn, plan og næring

#### Behandling

#### Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

USPN – 067/24 Vedtak

Utval for samfunn, plan og næring vedtek oppstart av planarbeid for ny parkeringsplass ved stien til Litlos, med formål offentlig parkering.

### **Saksopplysningar:**

Saka gjeld oppseiing av parkeringsavtale mellom sameige nordre Valldalen og Ullensvang kommune.

Nordre sameige Valldalen har avslutta parkeringsavtale med Ullensvang kommune den 30.08.2022. Avtalen vart inngått 01.07.1993 mellom tidlegare Odda kommune og grunneigarane på Austre og Nordre Valldalen gnr 20, bnr 2 og 3. Avtalen var inngått med automatisk fornying med 10 år om gangen. Eventuell oppsigelse eller endring av avtalen for 10-års perioden utløp må meddelast den andre part minimum 6 månader før utløp. Oppsigelse frå sameiget er levert innan fristen på 6 mnd, og er vurdert som ein gyldig oppsigelse av parkeringsavtalen. Kommunen har opparbeida ca 74 parkeringsplassar der kommunen har stått for alle kostnader og årleg vedlikehald dette i tråd med avtalen.

Valldalsvegen er ein kommunal veg på ca 14 km som tidlegare Odda kommune i 1968 overtok ansvaret for etter kraftverktbygginga. Vegen er vinterstengt.

Sameige Nordre Valldalen ynskjer ikkje å fornya gamal avtale med kommunen, men vil tilby kommunen eit nytt område til parkering til ca 70 –80 parkeringsplassar. Nytt område som kommunen har fått tilbod om, er der den gamle stien til Litlos starta (sjå vedlegt kart). Dette vil gje turistane ein mykje betre adkomst til Hardangervidda, og dei unngår å komma til brua over Grøno som er stengt for vanleg ferdsel, og kunna gå vegen til Middalen for å koma inn på vidda. Ullensvang kommune må stå for planarbeid og kostnader til opparbeidelse for ny parkeringsplass. Område ved Litlos der ny parkeringsplass er førespegla til kommunen, er ikkje opparbeida til parkering i dag og framstår som urørt terreng.

Ullensvang kommune hadde den 24.05.2022 dialog med statsforvaltaren i Vestland, om vurdering av å etablera ein ny offentlig parkeringsplass i Valldalen. Statsforvaltar er ikkje samde i kommunen si vurdering om at tiltaket med å etablera ny parkeringsplass er i tråd med overordna plan og ikkje løyser ut krav om ny regulering. Svar frå statsforvaltaren er at det ikkje er heimel til å etablera parkeringsplass innanfor areal sett av til LNF.

Statsforvaltaren påpeiker også at eventuelle tiltak her må vurderast i høve regional plan, arbeidet med felles sti- og løypeplan for Hardangervidda og arbeidet med tiltaksplan eller kvalitetsnorm for villrein (FOR-2020-06-23-1298).

### **Vurdering:**

Det er viktig for Ullensvang kommune å kunna tilby offentlig parkering i Valldalen til turistar og til andre. Konsekvens av å ikkje ha tilrettelagt parkering er utfordringar med feil parkeringar som kan hindra framkomst til nødetaer, og køyretøy som er parkert langs Valldalsvegen kan skapa trafikk farlege situasjonar langs vegen. Med villparkering vil det også kunna oppstå konflikt med grunneigarar, skader på vegskulder og vegetasjon langs vegen.

### **Økonomiske konsekvensar:**

a. Driftskonsekvensar

Estimert kostnad til årleg vedlikehald av parkeringsplassar. kr 80.000,- inkl mva. Dette er driftkostnadar som ikkje er inne i budsjett for på veg og park i dag.

b. Investeringskostnader

Estimerte kostnad planarbeid kr 300.000,- inkl mva

Estimert kostnad opparbeidelse ny parkeringsplass er kr.920.000,- inkl mva

c. Finansiering

Planarbeid for 2024. Kr 180.000 på prosjekt 34413 Infrastruktur tiltak turisme, og kr 120.000 i budsjett for 2025.

Ullensvang kommune må gå i dialog om eit spleiselag med andre aktører av Valldalen for bygging av ein ny parkeringsplass, til dømes med Lyse og DNT. Kostnadsandelen til UK for anleggsbidraget er derfor usikker på noværande tidpunkt.

**Samandrag konklusjon:**

Det er ikkje garanti for at planarbeid kan opna opp for etablering av ein ny parkeringsplass i Valldalen. Dersom planarbeid opnar opp for ny parkeringsplass ved stien til Litlos, vil Ullensvang kommune gå i forhandlingar med Nordre sameie Valldalen om ny grunnavtale for parkeringsareal. Dersom ikkje planarbeid opnar for ny parkeringsplass, vil Ullensvang kommune gå i forhandlingar med sameie Nordre Valldalen om ny parkeringsavtale på eksisterande parkeringsplass i Valldalen.

Vedlegg 3 stk.

Nr.1 Grunnavtale

Nr. 2 Kart ny parkeringsplass og oppsigelse av parkeringsavtale

Nr.3 Svar frå Statsforvaltaren i Vestland.